



Optimistisk - s. 4



Kulturprisen - s. 5



Julegleder - s. 6



BOKN BYGDABLAD

Nr. 10 desember 2015 – Årg. 30




30
år

www.bygdabladet.no



KJEKT PÅ BOKN



Kjære boknerar

Budsjett 2016

Et enstemmig kommunestyre vedtok 15. des. budsjettet for 2016. Partiene har jobbet tett sammen om dette budsjettet som gir flere store løft for Bokn.

Som tidligere nevnt starter vi bygging av nytt vannverk som er over 3 ganger så stort som dagens. Dette vil gi Bokn nok vann i lang tid fremover. Vannverket blir finansiert med avtalen om vannlevering til Rogfast prosjektet.

Det er planlagt bygd nye omsorgsboliger og utvidelse av sykehjemmet. Totalt 15 nye boenheter. I finansieringen til dette er det lagt opp til lån og tilskudd fra husbanken.

Det er bevilget penger til ny parkeringsplass ved kirken. En lenge etterlengtet sak som vil bedre forholdene ved kirken og avlaste parkering langs veiene i nærheten.

Brannvesenet blir styrket med penger til kjøp av brannbilen vi i dag leier, samt kjøp av verneutstyr og bekledning. En viktig investering for å ha god brannberedskap i Bokn og forutsigbare arbeidsforhold for de ansatte i brannvesenet.

Det er satt av penger til opprustning av Hognalandsveien, en vei som i aller høyeste grad har behov for vedlikehold.

Ordringen med sommerjobb for ungdom er gjeninnført, til glede både for ungdom og næringsliv.

Det er planlagt forskjellige prosjekter som skal styrke Bokn, en bevilgning på 40.000,- skal brukes til dekning av utgifter for de som leder de enkelte prosjekt.

Det er også satt av 100.000,- til et fond hvor lag og organisasjoner kan søke delfinansiering av mindre prosjekter som er nyttige for Boknasam-

funnet. Fondet styres av ordfører og gruppeledere, noe som gir rask saksbehandling.

Alle partier er godt fornøyde med budsjettet og håper det genererer videre aktivitet og positivitet i Bokn kommune.

Rogfast

I kommunestyremøte den 1. des ble reguleringsplanene for Rogfast vedtatt. Den ene for tunnelåpning og vei Laupland – Knarholmen, den andre for deponering av tunnelmasse på Are. Sistnevnte er egentlig en reserveplan, og hovedmålet for Bokn er helt klart å bruke tunnelmassene til samfunnsnyttige formål i Bokn kommune. Bokn jobber med å få på plass reguleringsplaner for områder som trenger mye masse, og steinen er tenkt brukt til disse og ikke til fylling på nordsiden av moloen i Arsvågen.

I media fikk Bokn skylden for å utsette Rogfast. Bokn har behandlet alle planer for prosjektet og ryddet opp i de uklarheter for planene som Statens vegvesen selv har bidratt til.

Rogfast er planlagt med oppstart 2017, og ferdig i 2024.

Flyktninger

Flyktnings situasjonen i Norge og verden for øvrig er et mye debattert tema om dagen. Med den tilstrømmingen av flyktninger som landet opplever stiller dette store krav til kommunene om bosetting og integrering. Sentrale myndigheter sender jevnlig oppfordringer til kommunene om å bosette stadig flere. I dag er Bokn eneste kommune i Rogaland som ikke bosetter flyktninger. Folke meningen i Bokn ligger nok godt spredt fra å ta imot flest mulig, til ikke å ta imot noen. Begge deler er nok like vanskelig i dagens situasjon. Å finne den rette balansen i forhold til hva som er forsvarlig både når det gjelder integrering og økonomi er viktig for å finne en løsning på det

som oppfattes som en nasjonal krise. Bokn formannskap har bedt rådmannen lage en plan for å se hvordan det vil slå ut for Bokn å ta imot en familie på 4-5 personer. Dette vil legge grunnlaget for behandlingen når saken kommer opp i kommunestyret på nyåret. Her vil det bli besluttet hvor mange flyktninger Bokn eventuelt kan bosette. Uansett er en ting helt sikkert, uavhengig av hva som blir besluttet skal alle som kommer til Bokn bli godt tatt i mot enten de er flyktninger eller andre.

Føresvikveien

I et møte med Statens Vegvesen ble status i prosjekt Førsvikveien gjennomgått. Dette er et arbeid som er veldig trengende for Bokn, og som vi ønsker å komme fort i gang med. Prosjektleder er utpekt og prosjekteringen av veien er under arbeid. Prosjekteringen antas å være ferdig i slutten av 2016. Det er Statens Vegvesen som står for hele prosjektet, også avtaler om grunnverv. Om når veien kunne være ferdig ville ingen svare, men jeg drister meg allikevel til å si at vi håper på oppstart om et års tid.

Frivillige

Frivillige lag og organisasjoner er en bærebjelke for det norske samfunnet.

Også i Bokn er vi beriket med et sterkt frivillig arbeid i form av flere lag og organisasjoner. Det frivillige arbeidet er godt organisert, det innehar god kompetanse og det spenner vidt.

Det er organisasjoner som er avgjørende i krisesituasjoner, det er lag som gir barn og unge en trygg og god oppvekst, andre som gir mennesker en meningsfylt hverdag.

Dette er uansett et arbeid det er utrolig viktig å ta godt vare på, og gi gode vilkår og dyrke videre.

Alle frivillige lag og organisasjoner vil

derfor snart bli invitert til felles møte for å høre hvordan det oppleves å drive deres aktivitet i Bokn, og om det er noe vi kan gjøre annerledes og bedre. Vi vil på dette møtet også finne ut hvordan lag og organisasjoner involveres i planleggingen for bruk av flerbrukshallen når denne

blir ferdig i slutten av 2016.

Jule og nyttårshelgen nærmer seg med stormskritt. I flere år har det vært tradisjon at ordføreren holder tale i kirken på nyttårsaftnen. I år vil dette få en ny vri. Ordføreren vil ikke lengre velge sine tema selv, men bli

intervjuet av presten. Hvordan dette vil fungere er sikkert ordføreren like spent på som publikum, men gleder seg uansett.

Vil med dette ønske alle en riktig God Jul og et riktig Godt Nytt År.

Hilsen ordføreren

Kjære lesar!

Utgåve nr. 9 av *Boknakalenderen* følger med dette bladet. Kalenderen er ei gåve til abonnentar av Bokn Bygdablad. Takk

til alle som tar flotte bilder. Fleire sambygdingar har også fotografi som kunne vore med i kalenderen, det ser me i sosiale medier, men ofte eignar ikkje desse seg til trykking pga. for lite data i bildene.

Noko å tenka på til neste kalender?

Eg vil takka alle som har bidratt med stoff til Bokn Bygdablad i 2015, spesiell takk til Birger Lindanger.

- redaktøren -

Korleis starta det?

Jardar Havikbotn

Då Reidar Alvestad byrja i Bokn kommune i mai 1985 hadde han med seg fleire års erfaring frå ei lagsavis i Arendal. Om hausten same år gav han på eige initiativ ut to prøvenummer av Bokn Bygdablad, som snart går inn i sin 31. årgang.

Intensjonen var å informera om kommunale saker og skriva om ting som skjedde i bygda; alt som kunne bety noko for folk å få kjennskap til. Tilbakemeldingane var positive, sjølv om ikkje alle hadde like stor tru på at det til ei kvar tid var stoff nok til å gi ut eit bygdablad. Dei snudde fort, for det viste seg raskt at det var behov for eit slikt lokalblad.

Visste at det gjekk an å få til

Reidar hadde vore med i Aust-Agder ungdomslag i Arendal, samstundes som han i regi av PPT jobba som sosionom i vidaregåande skular i Arendalsdistriktet. I laget var han leiar av ei ungdomsgruppe og medlem av redaksjonsnemnda. Han både skreiv stoff og produserte bladet.

I Bokn kommune fekk han både rådmann og politikarar med på tanken sin, og dåverande ordførar, Leif Vatnaland, skreiv allereie i julehelsinga si i andre prøvenummer at han hadde tru på bladet.

- Me hadde ikkje eige budsjett i starten, gjorde det meste arbeidet i arbeidstida, men også ein del på fritida, og kopierte sjølv bladet på kommunen sine maskinar, fortel han.

Politisk forankring

Etter kvart blei det lagt inn mykje av det som skjedde i bygda, og etter ei tid blei det også avsett litt pengar til ein medhjelpar i kommuneadministrasjonen. Dei prøvde å gi ut 10 nr. kvart år, og det gjekk bra. Reidar jobba som sosisjef og kultursekretær, og det var naturleg at han kombinerte dette arbeidet med jobben sin i kommunen. I løpet



Grunnleggaren av Bokn Bygdablad, Reidar Alvestad, med prøvenumera frå hausten 1985.

av siste halvdel av 1980-talet blei Bokn Bygdablad ein fast ting, og bladet blei politisk forankra. Det blei t.d. oppretta ei bygdabladnemnd, der medlemmene også bidro i stoffproduseringane.

Etter kvart kom det også inn stoff frå andre etatar, private og lag og organisasjonar. Desse innspela og innlegga er den dag i dag svært viktige, og er med på å halda liv i bladet.

Abonnement

Lenge blei bladet kopiert opp til alle husstandane i Bokn og gitt ut gratis. Ryktene gjekk, og etter kvart ønska fråflytta boknarar bladet. Det blei derfor laga til abonnementsordningar.

Underteikna tok over som redaktør i april 1997. I dag er 30 års bygdabladhistorie samla på kulturkontoret. I hylla står samtlege utgåver, frå det første prøvenummeret hausten 1985 og fram til i dag.

Sjå også s. 16

Optimistisk butikksjef

Jardar Havikbotn

- Målet er sjølvsagt å få oppgradert den viktige nærbutikken i Føresvik, smiler butikksjef Lars Hetland.

Då ville forretningen blitt større og kundane ville fått fleire varer å velja mellom. Coop-kjeden har som kjent fleire butikktypar og Coop Marknad Bokn har i dag varesortimentet sitt fordelt på 250 m². Med framtidig befolkningsauke i Bokn er det ikkje urealistisk å tenka at gamle Bokn Handelslag skal få den nødvendige auken.

- Coop Sørvest har sagt at dei vil satse på butikken. Dei vil at han skal vera oppe og gå og driva han godt, fortel 40-åringen frå Skjoldastraumen, busett på Karmøy.

Mat, leing og folk

Lars Hetland, som snart har vore leiar av Coop Marked Bokn i fem månader, er både pølsemakar, butikkslaktar og kokk. Ein del av yrkeserfaringa si har han frå *Slakter Haaland* i Haugegesund, kor han også overtok drifta etter dødsfallet til innehavaren. I seks år dreiv han den kjende forretningen i Haraldsgata. Han har også vore med og drive ICA Maxi i sildabyen. Kokkekunst har han fått praktisert offshore og på Kårstø. Stikkorda er mat, leing og folk.

Spør - ikkje irriter deg

Butikksjefen trivst godt med folk og set pris på alle dei kjekke kundane og kollegaene på Bokn. Han blir ekstra glad viss folk kjem til han eller andre i personalet og spør om t.d. ein vare dei ikkje finn.

- Dersom det er tomt for enkelte varer skal det finnast eit alternativ - opptil fleire like produkt. Det kan



Butikksjef Lars Hetland.ynskjer at boknarane skal bruka butikken for det han er verdt.

også vera at varen er på lager her, så ein bør spørja personalet, seier han. Dette er nemleg ofte såkalla tørrvarer som dei nå, pga. logistikkomlegging i Coop Sørvest SA, får ein gong i veka, mot tidlegare to gonger i veka. Det kan vera ei utfordring å få varene tidsnok ut i hyllene.

- Me bestiller sjølvsagt viss kundane ikkje finn varen. Spør - ikkje irriter deg, det er ikkje bra for verken deg eller meg, meiner skjoldabuen, som registrerer at kundemassen har gått litt ned.

Styrt avvikling?

Fleire vegar til handelslekkasje går gjennom Karmøytunellen, det er alle klar over. Men noko av grunnen til nedgang i kundemasse kan vera usanne rykter knytta til ein spesiell periode tidlegare i haust. Då var det lite varer i hyllene og enkelte trudde det var byrjinga på ei styrt avvikling av butikken.

- Dette var ein eksperimentell perio-

de kor eg måtte finna den rette balansen på antal varer inn og ut, svinn m.m., kjem det frå Lars Hetland, som også har ei utfordring med at det er begrensa kva ein kan ta inn av varer i ein liten butikk, og det er ikkje alltid like lett å imøtekoma kundane sine ynskjer.

- Det er ein del kjedestyrte på kva varer me kan ta inn, men styrt avvikling? - ikkje i det heile tatt, smiler butikksjefen.

For dyrt?

Enkelte synest også ein del varer er for dyre.

- Prisane er nok noko høgare, men viss ein nyttar seg av veketilboda som me har i kundeavisa, så synest eg me har brukbare prisar hos oss.

Drivstoff

Daglegvaresalet held seg stabilt og prisane har ikkje gått opp, totalt sett. Coop'en på kaien mista omsetninga på drivstoff 2. november. Då tok

Knapphus Energi over drifta av alle pumpene. Desse blir ubemanna, men folk med ev. problem kan få hjelp ved å ta kontakt med butikk-personalet i opningstidene.

Faste kundegrupper

Lars Hetland gler seg over ei veldig lojal kundegruppe og ynskjer seg meir av dei faste kundegruppene.

Han håpar at folk skal synast at det er positivt med butikk i bygda - naturlig møteplass/knutepunkt kor du alltid treff folk, enten i kaffikroken eller lenger inne blant hyllene. Eit ynskje er at folk gir han tilbakemeldingar, både positive og negative - konstruktive tilbakemeldingar.

- Eg ynskjer at boknarane skal bruka butikken for det han er verdt. Det er

ting me ikkje har, men når det gjeld daglegvarer ligg me godt an, meiner ein travel butikksjef, som understreker at dei oftare får inn varer nå i adventstida.

- 20. desember har me sundagsope kl. 14 - 18, med overraskingar. Kom og sjå, avsluttar han med eit lurt smil.

Kulturprisen 2015

Jardar Havikbotn

På Luciafesten 13. desember fekk Janne Elin Vatnaland Bokn kommune sin kulturpris 2015.

Her er formannskapet si grunngeving:

Bokn kommune sin kulturpris 2015 går til Janne Elin Vatnaland. Ho får prisen for å vera eit forbilde for boknarar og andre innan fysisk aktivitet, med fokus på idrett og løping - ein inspirator i folkehelsearbeid. Prisvinnaren var med og grunnla løpet Bokn OppNed i 2011 og har vore med på fellestreningar om somrane for boknarar som ynskjer å prøva løping.

Janne Elin Vatnaland har hatt ei drivande utvikling gjennom seks år og er blant dei beste i Noreg i si idrettsgrein. Langdistanseløparen er eit svært godt døme på at ein kan nå langt med å driva på hobbybasis, og at allsidigheit er eit av suksesskriteriane for å halda seg skadefri og oppleve idretts glede, men å samtidig prestera på eit høgt nivå.

I tillegg til alltid å vera ein smilande deltakar og god ambassadør for idrett og Bokn, er ho også som engasjert tilskodar ein motivator for andre deltakarar.

Etsning

Prisen er bildet «Fjord» av kunstnaren Kristian Finborud, født i Porsgrunn, busett på Voss. Han har hatt ei lang rekke utstillingar over heile landet sidan 1988. Motiva til kunstnaren beveger seg frå høgfjellet til strandsonen. I det store spennet



Janne Elin Vatnaland mottok Bokn kommune sin kulturpris 2015 av ordførar Tormod Våga.

mellom himmel og hav plasserer han figurane sine og så ser han kva som skjer.

Teknikken heiter etsning, som iflg. kunstnaren er originalgrafikk. Motivet blir etsa ned i ei metallplate og fargen blir gnidd inn i plata og trykka under stort press over på eit fuktig papir. For kvart eksemplar blir fargen sett inn på nytt. Framstillinga av plata og kvart enkelt trykk er ein

tidkrevande prosess. Det blir ikkje brukt datautstyr i framstillinga og det blir ikkje trykt meir enn 55 eksemplar av kvart motiv.

Bygdabladet gratulerer med kulturprisen og ynskjer lykke til vidare!

**Meir om Luciafesten
i neste blad.**

Juleglede!

Jardar Havikbotn

Det var god julestemning og smittende formidlingsglede på Bokn skule då Boknakoret, Aksang og kulturskule-elevar frå Tysvær og Bokn inviterte til juleførestilling 2. søndag i advent.

Det var Inger Tønnesen frå Tysvær kulturskule som hadde laga forteljinga, som var bygd opp rundt juleevangeliet, juleglede, å vera snill og grei og å ha det godt saman. Ho og kollega Christina Sørensen hadde instruert ein gjeng unge raud- og blånissar frå dramagrappa i Tysvær kulturskule. Dei hadde ein dyktig song-solist i Victoria Vindenes Revheim som song «Vi Tenner Våre Lykter» I tillegg hadde Bokn med to flinke songsolistar på fleire songar i Synne Jøsang og Marielle Alvestad.

Variert

Utan daudpunkt veksla førestillinga mellom ungane på scenen og det 34 stk. store koret nede i salen. Musikarane hadde også tatt plass framfor scenen, likevel var det plass til 205



Samarbeidet mellom Boknakoret og tysværkoret Aksang har bore frukter. 6. desember spreidde dei juleglede på skulen.

betalande tilhøyrarar. Bak i salen satt Odd Arild Larsen bak mixebordet. Mannen som har laga godlyd i Radio102 i ei årrekke, gjorde det også i gymsalen denne adventskvelden - fantastisk var det!

Og når alle koristane hadde kvar sin mikrofon og våga å synga ut, blei resultatet bra. Spesielt «En Stjerne Skinner I Natt» og Negro spiritual/gospellåtane «Go, Tell It On The Mountain» og «Get Together» var glimrande. Sistnemnde blei også

framført som ekstranummer.

Fruktbart samarbeid

Samarbeidet mellom Aksang og Boknakoret i haust har bore frukter. Klangen og balansen mellom dei ulike stemmene var svært bra. God artikulasjon og presisjon var også absolutt til stades, spesielt då samtlige koristar berre konsentrerte seg om å følgja bevegelsane og mimikken (les utstrålinga) til dirigent Anne Tove Øvrebø - og ingen av dei som hadde noter/tekst gløtta ned i desse. Her lå nemleg mykje av løyndomen bak kvaliteten på dei ulike musikkstykkene. Anne Tove utstrålte musikkglede og energi. Dette smitta over på koret, som igjen smitta over på publikum.

Underlag og krydder

Og så må me ikkje gløyma dei emnente og rutinerte musikarane. Her hadde dei plukka frå øvste hylle. Lars J. Liknes (tangentar), Jostein Hustveit (trommer) og Frode Hammersland



Flinke barn frå dramagrappa i Tysvær kulturskule fekk m.a. besøk av både nissen politibamsen Eddy.



Fin solistprestasjon frå Gunnar Solberg i «Long December Night».



Flinke solistar på fleire songar: fv. Synne Jøvsang og Marielle Alvestad.



Lokal versjon av souldronninga Aretha Franklin: Ine Kleiveland.

(bass) både akkompagnerte aktør-

ane og krydra musikken på ein delikat måte, med fokus på kommunikasjon og støtte til det som skjedde rundt dei. Den fine dynamikken i «*Mary's Boy Child*» var eit godt døme på dette.

Solistar gjer seg alltid på konsert. Vår eigen Gunnar Solberg stod for ein fin prestasjon då han song solo på «*Long December Night*». Det håpar me han gjer fleire gonger.

Ine Kleiveland var innleigd til dette prosjektet. Ivrige Idol-sjåarar har kanskje sett henne på TV, der ho har vore med to gonger. Dama med soul-stemma var naturleg nok solist på nemnde «*Go, Tell It On The Mountain*» og «*Get Together*». Ho hadde ikkje sunge mange taktane før under teikna fekk assosiasjonar til souldronninga Aretha Franklin. Den mangeårige songlæraren hennar, Aksang-dirigent Frode Lindanger (som på konserten sat bak med lysmixaren), er svært einig i desse assosiasjonane. Frode er også arrangøren bak «*Oh Holy Night*», også med Kleiveland som solist. Den artige vrien på den tradisjonelle songen klang godt i under teikna sine øyrrer. Ine Kleiveland har, forutan den spesielle stemma, svært god timing og innleving. Songteknisk er ho også kome eit godt stykke og ho hadde fleire «*wow-augneblink*» i framføringane sine. Ho heldt likevel litt igjen og har meir å gå på. Me håpar

å få oppleva henne fleire gonger.

Flinke barn

Ungane på scenen levde seg godt inn i rollene, og fekk besøk av både nissen og ein ekte politimann med politibamsen Eddy. Tilhøyrarane lo og koste seg skikkeleg i ein utvida versjon av klassikaren «*På Låven Sitter Nissen*».

Den hyggelege førjulstimen gjekk veldig fort. Med det varierte og fine familieprogrammet hadde me glatt tatt i mot ein halv time til.

Begge kordirigentane seier dei set stor pris på samarbeidet - at dei med å vera fleire får betre kontinuitet, har fleire mulegheiter og får ting lettare til. Det hjelper også godt på at både Anne Tove Øvrebø og Frode Lindanger har arbeidsplassane sine på Bokn skule. Det er ikkje overraskande at det allereie går rykter om nytt prosjekt til våren. **Gled dykk!**



Fortent ros til dirigent Anne Tove Øvrebø, for ei glimrande og energisk korleing.



Mykje godlyd i salen under ekstranummeret «Get Together».

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 10 1990



Det første juletre på skulehuset i Bokn

Eit minne frå barneåra
av Elisæus Vatnaland

Det var i 1897. Den nye skuleordninga i Bokn var då gjennomført etter ny krinsdeling med skulehus på Austre Bokn, på Torland og på Hognaland (Tveitane). Den nye ordninga var elles slik at der skulle vera berre to lærarar i desse tri krinsane. Den eine læraren, som og var klokkar, hadde halvparten av skulen på Hognaland attåt skulen på Torland. Den andre læraren skula og ein halvpart av skulen på Hognaland attåt skulen på Austre Bokn. På Hognaland skula kvar av lærarane to veker om gongen, og då var borna i krinsen der læraren kom frå, fri skulen. Skuleordninga var slik også då eg byrja på skulen på Hognaland i 1899.

Foreldra i Hognaland-krinsen var lite nøgd med ei slik skuleordning som dei meinte ikkje var heilt jamnstelt og like god som den var i dei andre to krinsane.

Dei to lærarane var yngre menn med kveik i seg til å gjera det beste ut av ei skuleordning med oppdeling i skule- og fritid.

I jolehelga 1895 laga lærarane til joletreffest for borna på skulehuset på Torland og på Austre Bokn. Dei hadde teke til med slike joletreffestar i andre bygder rundt ikring. Men på Hognaland skulehus vart det ingen joletreffest, truleg av di krinsen der ikkje hadde eigen lærar, slik som dei andre to krinsane hadde.

Dette, at skuleborna på Hognaland ikkje fekk joletreffest slik som på Austre Bokn og Torland, vekte misstemning både millom born og foreldra i krinsen. Ei slik tilsidesetjing tykte foreldra

gjekk for langt, og så tok dei fatt sjølve og laga til fest. Rett nok vart det noko langt ut i joleferien før dei fekk dette i stand, men joletreffest vart det. Det var mest som eit slag dugnadsarbeid.

Då foreldra som gjekk i gong med dette, hadde for lite tid på seg til å kunna reisa utanbygds og få tak i eit tre av gran eller fåra, vart dei samde om at dei skulle laga eit juletre av brake (einer). Treet vart bygd opp av brake kring ein stolpe i midten og var fint forma. Rasmus Grønnestad og Østen Tveitane gjorde meste arbeidet. Pynten på treet, utanom lysa, var og heimelaga av ymse slag papirkorger og anna utklypp av papir. Elles var treet tekt med appelsiner og store kjeksar som skulle vera til utdeling på borna ved slutten av festen.

Foreldra mine lova meg at eg skulle få vera med på denne joletreffesten, sjølv om eg ikkje hadde byrja i skulen. Eg hugsar ennå kor eg gledde meg, og denne fyrste joletreffesten var ei oppleving som står klart for meg ennå, så mange år etter.

Far fylgde meg på festen, og eg hugsar at skulehuset var stappfullt av folk, slik at då



Artikkelen er henta frå

"Jul på Karmøy 1966"

borna skulle til å gå rundt joletreet, vart det mest ikkje plass til å sitja. Folka stod tett i tett langs veggene. Men joletreet midt på golvet, med masse lys og pynta noko utom det som er vanleg nå for tida, gjorde sterkast inntrykk på meg. Dette var mitt første møte med joletreet.

Borna hygde seg overlag, og eg trur foreldra hygde seg mest like mykje for at dette var kome i stand. Rasmus Grønnestad hadde transportert eit lite husorgel frå Grønnestad til Hognaland, og ho Gina Grønnestad, syster hans, var der og spela på det. Dette var noko uvanleg for borna, og det sette liksom ein spiss på det heile.

Året etterpå, i 1898, laga lærarane i fellesskap til joletreffest for skuleborna på Hognaland. Treet var då eit fåretre som i førevegen hadde vore nytta både på Torland og på Austre Bokn. Joletreffesten var då, som også seinare, gild og høgtidsam, og eg har mange gode minner om desse festane frå skuleåra. Men det er likevel få minner frå dei tidlege barneåra som i dag står så klårt for meg som minnet om dette fyrste joletreet på skulehuset, og som var bygd opp av brake.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Andel av Lodavegen 759 (Gnr 18, bnr 6) i Bokn kommune er overdradd fra Steinar Olsen til Wenke Heidi Herigstad
(30.10.2015)

Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 18, bnr 12 i Bokn kommune

Overdragelsen omfatter også andel av Gnr 64, bnr 1313 i Karmøy kommune

Andel av Hognaland Hytteområde 1 (Gnr 17, bnr 14) er overdradd fra Sigmund Moe til Berit Solveig Dahl
(21.10.2015)

Andel av Hognaland Hytteområde 2 (Gnr 17, bnr 36) er overdradd fra Berit Solveig Dahl til Sigmund Moe
(21.10.2015)

Lodavegen 571 (Gnr 19, bnr 18) er overdradd fra Østen H Hognaland til Olaug Hognaland
(16.11.2015)

Lodavegen 571 (Gnr 19, bnr 18) er overdradd fra Olaug Hognaland til Anna Harriet Hognaland
(16.11.2015)

Andel av Gnr 22, bnr 9 er overdradd for kr 200.000 fra Ruth Marie J Andersen til Lilly Charlotte Jansson Berg
(16.11.2015)

Søre Sunnalansstraumen 30 (Gnr 19, bnr 92) er solgt for kr 750.000 fra Hanna Helmine Bjørnevåg og Klara Marie Østebø til Eivind Kulrud
(18.11.2015)

Boknatunvegen 38 (Gnr 9, bnr 161, seksjon 6) er solgt for kr 1.975.000 fra Magne Jordbrekk Ognøy til Thomas Hognaland Fostenes
(27.11.2015)



Kartverket

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinik i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

aksdal
TANNKLINIKK

TANNLEGE

Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE

Camilla K. Mæland

Frivilligsentral - noe for Bokn?

Kari Christensen - gruppeleder Bokn Arbeiderparti

Såkalte frivilligsentraler har dukket opp i en rekke kommuner de senere årene. Det er 406 sentraler i Norge, blant annet i Tysvær, Karmøy, Haugesund, Vindafjord, Sauda og Sveio. Statlige forsøk med støtteordninger til etablering og drift ble startet allerede i 1991. Så er spørsmålet - er dette noe for Bokn?

Hva er en frivilligsentral?

En frivilligsentral er definert som en møteplass for mennesker i lokalmiljøet. Noen trenger hjelp, andre ønsker å hjelpe. Sentralen koordinerer eksisterende tiltak og setter i gang nye. Du trenger ikke være medlem av en bestemt organisasjon, idrettslag el. forening for å delta. Har du energi og overskudd, er det bare å melde seg som frivillig.

Små håndrekninger satt i system

Frivilligsentralene samler, organiserer og formidler tilbud til personer og målgrupper der små håndrekninger og sosial kontakt øker trivselen. Der litt praktisk bistand kan gjøre hverdagen enklere. Der en telefon, et besøk eller det å bli med i en interesse- eller temagruppe forbedrer livskvaliteten.

Listen over hva frivilligsentralen kan bidra med er uendelig. Her er noen eksempler:

Praktisk hjelp til matinnkjøp, møteplasser for langtidsledige, samtalegrupper for kreftrammede, datakurs (seniornett), integrering av innvandrere, glad-og-glemskgrupper for demente, leksehjelp, pårørendegruppe, språkkafè, dugnader, reservebesteforeldre, besøksvenn, følgehjelp til sykehus, barnevakt, organisere lokal TV-aksjon, turgrupper, rådgivning i et fagområde osv.

Noen av disse tiltakene finnes i Bokn, organisert fra ulike hold. En frivilligsentral og en frisklivsentral (som Bokn har idag) er to forskjellige ting. Frisklivsentralen er organisert av kommunens helsetjeneste, har fokus på fysisk og psykisk helse med økt livskvalitet som mål.



Frivilligsentralen har et bredt perspektiv på alle typer behov og muligheter i samfunnet, og har, ikke minst - en solid forankring i det frivillige elementet.

Spørsmålet er om en frivilligsentral kan bidra til økt samarbeid mellom frivillige og kommunen, til å få flere frivillige og til et mer allsidig lokalt tilbud?

Vinn-vinn effekt

Alle kan delta i frivilligsentralen, og særlig kan seniorer og ungdommer være viktige bidragsyttere.

Ung mennesker er en ressurs! Ungdom som tar oppdrag for frivilligsentralen får verdifull arbeidserfaring igjen for innsatsen. Frivilligsentralen vil være en form for læringsarena, og kan også gi en attest som kan være nyttig ved jobbsøking.

Dagens seniorer er yngre og friskere enn noen sinne, og har mye livserfaring og kunnskap. Noen synes kanskje dagene blir lange. Gjennom frivilligsentralen kan de bruke ressurser, knytte nye kontakter og bidra i lokalsamfunnet.

De frivillige inngår ingen lang eller bindende avtale, men stiller opp når de har tid og kapasitet, og så mye og lenge de har lyst. Gleden over å bruke deg selv er betalingen du får. Alle frivillige er underlagt taushetsplikt.

Mer menneskelig kontakt, ikke mer penger ...

En frivilligsentral kan etableres i sam-

arbeid med en lokal el. regional frivillig/ideell organisasjon. Det er nødvendig med en daglig leder, som enten er ansatt i den aktuelle organisasjonen, eller i et kommunalt foretak. I 2015 støttet Kulturdepartementet etablering av 18 nye sentraler, med kr. 155 000 pr. stk. I tillegg ytes driftstilskudd på rundt 40 % av lønn i full stilling for daglig leder.

- Vi tror de beste løsningene finnes lokalt, sier kommunalminister Jan Tore Sanner i en fersk uttalelse. Det gjelder også samarbeidet mellom kommunen og frivillige. Det finnes oppgaver der det offentlige ikke kan levere - rett og slett fordi svaret på utfordringen ikke er mer penger eller flere ansatte, men mer menneskelig kontakt og gjensidighet. Da er frivilligheten viktig: som medmenneske, døråpner og brobyggere.

Noen lokale eksempler på organisering av sentralene: Vindafjord Frivilligsentral er kommunalt eid, og daglig leder kommunalt ansatt. Tysvær Frivilligsentral har samarbeid med Kirkens Bymisjon og daglig leder er ansatt der, det samme gjelder Sveio. I Karmøy eies frivilligsentralen av to IOGT-losjer. Alle sentralene har eget styre med en sammensetning som gjenspeiler eierforhold og organisering.

Håper du ble litt nysgjerrig nå? Les mer om frivilligsentraler og hva de finner på her: www.frivillig.no

Kulturkalenderen - Nye arr./endringar

Desember

- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 25. Gudsteneste i Tysværåvåg kyrkje kl. 12.00, felles for Bokn og Tysvær
- 27. Bokn bedehus: juletreffest kl. 15 - arr. speidarane og Bedehuset
- 31. Gudsteneste kl. 16.00 - Intervju med ordføraren

Januar

- 07. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 08. Kino i Auditoriet
- 11. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 14. Kommunestyret, folkevaldopplæring
- 14. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 15. Kommunestyret, folkevaldopplæring
- 15. Kino i Auditoriet
- 17. Gudsteneste kl. 11
- 17. Bingo kl. 16 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Bokn bedehus: Normisjonen kl. 19
- 25. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 26. Formannskapsmøte kl. 19
- 27. Forvaltningsstyremøte kl. 19
- 28. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 29. Kino i Auditoriet

Februar

- 04. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 07. Bokn bedehus: Norsk Muslimmisjon kl. 19
- 08. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 10. Kontrollutvaldsmøte kl. 17
- 11. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 12. Kino i Auditoriet
- 14. Gudsteneste kl. 11
- 14. Bingo kl. 19 - arr. Bokn musikkorps
- Veke 7 Vinterferie, Bokn skule
- 21. Bokn bedehus: årsmøte kl. 19
- 22. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 23. Formannskapsmøte kl. 19
- 24. Forvaltningsstyremøte kl. 19
- 25. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 26. Kino i Auditoriet
- 17. Gudsteneste kl. 15 - bibel 5. kl.

Mars

- 01. Bokn bedehus: Speidarbasaren kl. 18
- 03. Babysong, Tysvær soknehus kl. 10
- 04. Bokn bedehus: Den Indre Sjømannsmisjonen har møte kl. 19
- 06. Bokn bedehus: Den Indre Sjømannsmisjonen har møte kl. 19
- 07. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 08. Kommunestyremøte kl. 19

- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste kl. 11 - Speidar løftefornying
- 17. Bokn bedehus: NMS har møte kl. 19.00
- 20. Gudsteneste kl. 11 - Dåpsskule, konfirmantar
- 20. Bokn bedehus: NMS har møte m/kveldsmat kl. 19
- 20. Bingo kl. 19 - arr. Bokn musikkorps
- Veke 12 Påskeferie, Bokn skule
- 24. Gudsteneste kl. 11
- 27. Gudsteneste kl. 15

April

- 01. Kino i Auditoriet
- 03. Bokn bedehus: Israelmisjonen har møte kl. 19
- 04. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 05. Formannskapsmøte kl. 19
- 06. Forvaltningsstyremøte kl. 19
- 08. Kino i Auditoriet
- 10. Gudsteneste kl. 11 - årsmøte kyrkjelyden
- 17. Bokn bedehus: ABR-senteret har møte kl. 19
- 18. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 19. Kommunestyremøte kl. 19
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Vårkonsert kl. 16 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Gudsteneste kl. 18 - Ung messe, samtalegudst.
- 27. Bokn bedehus: Sjømannsm. har basar kl. 19

Mai

- 01. Gudsteneste kl. 11 - konfirmasjon
- 02. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18
- 06. Kino i Auditoriet
- 08. Bokn bedehus: NLM har møte kl. 19
- 10. Formannskapsmøte kl. 19
- 11. Forvaltningsstyremøte kl. 19
- 15. Gudsteneste kl. 11 - felles for Bokn og Tysvær
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 20. Kino i Auditoriet
- 25. Kontrollutvaldsmøte kl. 17
- 29. Bokn bedehus: Gidion har møte kl. 19

Juni

- 03. Kino i Auditoriet
- 05. Gudsteneste i Loten kl. 11 - felles Bokn/Tysvær
- 07. Formannskapsmøte kl. 19
- 08. Forvaltningsstyremøte kl. 19
- 12. Bokn bedehus: Normisjonen har møte kl. 19
- 19. Gudsteneste kl. 11
- 21. Kommunestyremøte kl. 19

Juli

- 10. Gudsteneste kl. 13
- 31. Gudsteneste kl. 11



Lys vaken i Bokn kyrkje

Jan Magne Moi

Bokn starta ei helg før advent med Lys vaken – samling. Fredag 20. november var 10 forventningsfulle unge samla i Bokn kyrkje. Samlinga starta med at alle fekk utdelt kulene og laga si n eigen Kristuskrans. Kristuskransen gjekk igjen på ei samling der ein lærte kva dei forskjellige kulene står for. Kulene var også utgangspunkt for forbønsdelen på avslutningssamlinga laurdagen.

Undervegs hadde me mat på Gamle-skulen tett ved. Her hadde Ingrid Jøsang laga god kvelds. Ingunn Grøn-nestad leia øving på Lys vaken – sangen og hadde formingsaktivitet som truleg hamnar i julepapir. Før me kom oss i soveposen den kvelden, hadde me lært om kule etter kule i Kristuskransen og enda oppi tårnet.



Alle las ei bøn utfrå kva kula skulle minne oss om.



Stor konsentrasjon i førebuing til opp-føring.



No har me hamna i soveposen og har forventning til ei god natt på flatseng.

Til saman fire konfirmentar og to foreldre var medhjelparar undervegs. Det var ikkje vanskeleg å skryte godt til foreldra når dei kom for å hente borna laurdag føremiddag.

Lysmessa

Jan Magne Moi

Full kyrkje, lysande forventning og ein inspirert prest.

Dette året var det Finn Bårdsen som var prest under lysmessa. Han var sterkt involvert i oppstarten av speidararbeidet i Bokn. No var han tilbake og var sprudlande inspirert av å sjå dei som var i salen og få god kontakt med speidarane som fylte dei fremste benkene. Det er tradisjon at speidarane er med i liturgien med lystenning og bønner.

Kona, Benta, fekk blom og takk for at ho no hadde gått over figurane som årleg syner julefortellinga. Ein alterduk hadde ho også restaurert.

Det er eit flott opptog når speidarane kjem inn med levande lys og når dei går føre kyrkjelyden ut etter gudstenesta.



Etter gudstenesta kom mange historier frå Finn si tid som prest. Frå venstre: Solveig Våga, Finn Bårdsen, Leiv Våga, Odd Grønnestad, Svanhild Alvestad, Gunn B. Larsen og Benta Bårdsen.



Speidarane ber lys og går føre ut midtgangen.

Øvst: Finn Bårdsen fortel levande tema for preika.

Skulegudsteneste

Jan Magne Moi

Det var ei flott samling i kyrkja for skule og barnehage 11. desember. Barnehagen starta samlinga med flott song.

Her var lystenning, flott song og deltaking i gudstenesta. Konfirmantane framførte juleevangeliet i flotte kostymer laga av Wendy.

Presten hadde laga ein spennande historie om Maria og Josef si vandring til Betlehem.

Samlinga var avslutta av flott korsang av 1.-4. klasse.





Formannskapsmøte 01.12.2015, sak 057/15

Godkjenning av avtale mellom Bokn kommune og Statens vegvesen om vassforsyning til E39 Rogfast – prosjektet
Formannskapet vedtok:

Bokn kommune godkjenner avtalen mellom Bokn kommune og Statens vegvesen om vassforsyning til E39 Rogfast-prosjektet.

1. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for prosjektet.
2. Undervegsrapportering skjer regelmessig i møter mellom prosjektleiar/seksjon teknisk og eit utval bestående av ordførar, varaordførar og rådmann.

Formannskapsmøte 01.12.2015, sak 059/15

Formannskapet vedtok:

1. For å møta framtidig behov for tilrettelagde bustader vert arbeidet starta med å planlegge inntil 10 bustader for eldre/demente, og inntil 5 bustader for bebuarar med samansette utfordringar med behov for omsorg.
2. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe bestående av representantar oppnemd av formannskapet og 1 representant for administrasjonen. I tillegg skal arbeidsgruppa bestå av ein tillitsvald frå sjukestova.
3. Det vert engasjert prosjektleiar for arbeidet.
4. Arbeidsgruppa legg sjølv fram forslag til mandat for arbeidet, framdriftsplan og budsjett for planarbeidet.
5. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for prosjektet og godkjenner forslag til mandat, framdriftsplan og budsjett for planarbeidet.
6. Utgifter til prosjektstilling og planarbeid vert dekkja inn som del av investeringa.
7. Økonomisk ramme for prosjektet er sett til kr 44 580 000,-.
8. Undervegsrapportering skjer regelmessig i møter mellom prosjektleiar/seksjon teknisk og eit utval bestående av ordførar, varaordførar og rådmann.

Rådmannen får fullmakt til å oppnevne sekretær i samråd med arbeidsgruppa.

Forslag til arbeidsgruppe:
Rune Vatnaland – leiar
Lene Ognøy Foss
Jørgen Thuestad
Sigmund Alvestad

Kommunestyremøte 01.12.2015, sak 055/15

Detaljreguleringsplan for E39 ROGFAST, Laupland - Knarholmen samt tunnel og ventilasjonstårn på Kråga

Kommunestyret vedtok:

Bokn kommunestyre godkjenner reguleringsplan for E39 Rogfast, Laupland-Knarholmen samt tunnel og ventilasjonstårn på Kråga , ID 201404 slik det framgår av plankart R311, R312, datert 04.12.2014 -sist revidert 22.06.2015, R313, datert 04.12.2014 - sist revidert 22.06.2015, R314, datert 21.10.2014, R315, datert 04.12.2014, sist revidert 22.06.2015, R316, R317, R318, R319, R320 og R233 - alle datert 21.10.2014 med tilhørende bestemmelser av 04.12.2014, sist revidert 22.06.2015 og følgende tillegg/ending:

1. §1.4«*Avbøtende tiltak for avrenning til vassdrag og vandring av fisk skal iverksettes*»
2. *Reguleringsplanen sitt forslag om midlertidig deponering av 700 m3 tunellmasser § 6.2 3.avsnitt strykes.*

3. Bokn kommunestyret vil presisere at en ikke ønsker mellomlagring av tunellmasser i kommunen, men vil at tunellmassene blir transportert direkte til de områder som er regulert til et slikt formål; i første rekke til prosjekt Knarholmenområdet, Føresvik – sentrum og industriområde og eventuelle andre offentlige eller private områder der det foreligger godkjente reguleringsplaner for bruk av tunellmassene.

Kommunestyremøte 01.12.2015, sak 055/15

E39 ROGFAST - Områderegulering for næringsområde/utfylling ved Arsvågen i Bokn.

Kommunestyret vedtok:

Områderegulering av næringsområdet/utfylling ved Arsvågen i Bokn blei vedtatt etter rådmannen si innstilling.

Kommunestyremøte 01.12.2015, sak 055/15

Val av eigarrepresentantar i interkommunale selskap for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok: samrøystes foreslåtte representantar.



Kommunestyremøte 01.12.2015, sak 055/15

Val av representantar og utsendingar til styrer råd og utval for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok: Samrøystes foreslåtte representantar.

Forvaltningstyremøte 02.12.2015, sak 044/15

Gnr. 10 bnr. 8 - Per Helge Sunde - frådelling av bustadhus og gardstun - dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen

Forvaltningsstyret vedtok:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av ein bebygd parsell frå gnr. 10 bnr. 8 slik som omsøkt.
Det er lagt vekt på at den omsøkte parsellen er bygd på, og at den ikkje er ein del av gardstunet og at frådellinga etter forvaltningsstyret sitt syn, ikkje vil føre til drifts eller miljømessige ulemper.

Etter forvaltningsstyret syn, vil ei frådelling slik det er søkt om, ikkje setje omsynet bak bestemmelsane det vert dispensert frå, eller omsynet til føremålsbestemmelsane i lova, vesentleg til sides.

Forvaltningsstyret finn og at føremona ved å gje dispensasjon for ei frådelling nå, må vera klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering, jfr. saksførebuinga.

2. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, kan endeleg frådelling godkjennast administrativt på delegert fullmakt.

Forvaltningstyremøte 02.12.2015, sak 045/15

Gnr. 4 bnr. 31 - Jan Roger Mæland - deling av eigedom

Forvaltningsstyret vedtok:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå tomtedelingsplanen i stadfest reguleringsplan samt avstandskravet i § 29-4 i plan- og bygningslova for deling av gnr. 4 bnr. 31 slik som det er søkt om.
Det er lagt vekt på at det allereie er bygt ein tomannsbustad på eigedomen, og deling av eigedomen vert derfor ikkje vurdert å setje omsynet som ligg bak reguleringsplanen vesentleg ti sides.

Føremuna ved å gje dispensasjon vert vurdert klårt større enn ulempene.

Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket inna klagefristen, kan endeleg løyve til deling gjevast administrativt på delegert fullmakt

Forvaltningstyremøte 02.12.2015, sak 046/15

Gnr. 10 bnr. 73 - Gina Alvestad og Kim Erik Larsen – einebustad

Forvaltningsstyret vedtok:

1. Forvaltningsstyret legg til grunn at dei godkjente tomte- ne er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen, og at justeringa av austgrensa mellom bustadområdet og LNFR- området må vurderast som mindre vesentleg. Ved rullering av arealdelen i kommuneplanen må grensene for bustad- området justerast etter ei nærare vurdering.
2. Med heimel i § 20-3 i plan- og bygningslova vert det gjeve rammeløyve for oppføring av einebustad i samsvar med søknad
3. Før det kan gjevast løyve til å setje arbeidet i gong, må det liggja føre godkjente ansvarsrettar for alle fag, samt plan for vatn- og avlaupsleidningar med dokumentasjon på tinglyst rett til å leggje avlaupsleidning over annan manns grunn.
4. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrlø- gararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaks- klasse 2.
5. Det må søkjast om ferdigattest før bygget vert teke i bruk. I samband med dette må det sendast inn oppmå- lingsdata for veg, VA-leidningar og bygget. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0
6. Det skal i medhald av § 11-16 i byggtknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

Forvaltningstyremøte 02.12.2015, sak 048/15

Gnr.4 bnr.27 - Jostein Hesthammer- garasje - dispensa- sjon og byggeløyve

Forvaltningsstyret vedtok:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå gjeldande reguleringsplan, for overskri- ding av regulert byggegrense mot kommunal veg i sam- band med oppføring av dobbelgarasje med loft, slik det er søkt om.
2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensa- sjonsvedtaket innan klagefristen vert søknad om oppføring av dobbelgarasje med loft godkjent med heimel i § 20-4 a) i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.
3. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at bygget vert utført i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
4. Det må søkjast om ferdigattest før bygget vert teke i bruk. I samband med dette må det sendast inn oppmå- lingsdata for bygget. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0
5. Det skal i medhald av § 11-16 i byggtknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

Boknaren

og andre bygdablad på 1900-talet

Birger Lindanger

Boknaren

Med dette nummeret markerar Bokn Bygdablad at det er 30 år sidan det fyrste nummeret kom ut. Men dette er langt frå den fyrste avisa som har sett dagens lys i bygda. Den fyrste lagsavisa heitte *Boknaren* blei laga av Bokn Ungdomsforeining og kom ut frå 1901 i samband med stiftinga av foreininga. I 1907 blei det nemnt at avisa blei lagt ned for lenge sidan, og noko meir har me diverre ikkje om henne.



Ungdomshuset og lagsungdom kring 1920. Det var i denne flokken dei ulike lagsavisene blei til.

Lyngblomsten

Den neste lagsavisa fekk det poetiske namnet *Lyngblomsten*. Også denne sto Ungdomsforeininga bak og ho kom ut fyrste gongen søndag 19. mars 1905. Redaktør var frå starten lærar K. Smørdal og det blei helst nytta landsmål eller nynorsk som målforma sidan blei kalla. Formidlinga var høgtleasing på foreiningsmøta.

I utgangspunktet var målet ei utgåve av *Lyngblomsten* kvar fjortande dag. I praksis blei det helst ein gong i månaden. Meininga med *Lyngblomsten* var å utfordra boknarungdommen til å ta ordet både skriftleg og munnleg. I det heile blei det, ved sida av det religiøse innhaldet, lagt opp til å gje dei unge organisasjonspraksis.

Sumarkveld paa Boknaffellet

Innhaldet var artiklar av både opplærande og oppbyggeleg slag og ein blanding av det andeleg og det verdslege. Her var oppbyggelege artiklar med utgangspunkt i livet på og kring Bokn, her var politiske artiklar og dessutan, som artikkelen *Sumarkveld paa Boknaffellet*, stykke

som skildra kjærleik til heimbygda. Andre artiklar var *Tobak og kaffi* der ein åtvarar mot det helsefarlege og det uestetiske ved desse nyttingsmidla. Konklusjonen var at *den er vel best faren som minst brukar?*

Andre artiklar var *Hald fast paa minni fraa barneheimen*, *Song*, *Paa grænsevagt* av ein boknar som var stasjonert i Halden under unionsoppløysinga i 1905, *Kvinden* som tok til orde for kvinnesak og likestilling for kvinnene. Artikkelen var også ein gjennomgang av kvinnerolla gjennom tidene. Her var ei samling ordtak, naturskildringa *Sundagsmorgon*, den meir moraliserande artikkelen *Vor tale*: om koss me bør snakka og bruka språket og mellom anna ei åtvaring mot baktaling, det var den filosofiske artikkelen *Sann lukka* om at det grunnleggjande viktige i livet er å alltid gjera det som er rett og det var den meir kristeleg artikkelen *Aarstidene i aandens verden* der menneskelivet blei samanlikna med årstidene og med kristeleg innhald. Elles var avstanden til Losjen kort og artikkelen *Kun et ord frå et*

barns mund tok til orde for totalfråhald.

Forfataråra tørkar inn

Redaktøren klaga jamt og samt over vanskar med å få inn stoff til bladet. Han klaga over at ungdommen ikkje tok pennen fatt. Resultatet var at bladet ikkje kom ut så regelmessig som det var tenkt.

Etter kvart kunne det gå månadsvis mellom kvar utgåve. Såleis kom det ei utgåve den 4. juni 1905 og sidan ei ny fyrst 28. januar året etter. I denne siste utgåva var elles dei nasjonale storhendingane og unionsoppløysinga i 1905 som var temaet. Tendensen var at innhaldet utvikla seg i ein meir verdsleg/filosofisk retning, som artikkelen *Trygg leid i myrkre* i mars 1906, det var ordtak og etter kvart også humor med skrøner og vitsar. Diverre veit me ikkje kven som var ansvarlege for dei ulike artiklane, alle skreiv under psevdonym som *Truls med bogen*, *Veslegut*, *Skaldagrim*,

Sidan kom bladet ut nokså regelmessig utover i 1906 til *Ljosheim*, bladet



Monrad Alvestad skreiv i lagsavisene under psevdonymet "Sokrates".

til Losjen, dukka opp i mai 1907. Det kan sjå ut til at kampen om dei få skribentane blei for kvass. I alle fall kom det ikkje ut blad i 1907. Neste utgåve kom fyrst i mars 1908. Sidan gjekk det fem år til neste utgåver - Smørðal var lei av å redigera bladet åleine og dessutan flytta han frå bygda i 1911.

Nye ungdommar – Anders Kro, Elisæus Vatnaland og Marta Håland - kjem til

Den neste utgåve kom 2. mars 1913.

Nå var det komen med ei ny kraft i bladarbeidet: læraren Severin Lygre som hadde erstatta lærar Smørðal. Denne gongen var temaet "*Heimen*" – ein litt filosofisk artikkel om verdien av ein god heim signert *Halldis*. Andre artiklar var det moralsk/kristelege innlegget "*Vinteren*" forfatta av Severin Lygre, artiklane "*Rusdrykken*", "*Gamle mor*" og "*Eit hende fraa livet*" den siste ved ein viss Øystein Orre, truleg eit psevdonym. I det heile skreiv ein mest under psevdonym. Såleis var Monrad Alvestad ein ivrig skribent under psevdonymet *Sokrates*.

Neste utgåve kom sidan den 11. mai 1913. Nå var det Anders Kro, ein av bygdas mest drivande ungdommar og politikarar, som sto som redaktør. Han var også sentral i Losjen, og skilde ikkje skarpt mellom arbeidet i dei to foreiningane. Difor hadde mange av artiklane hans skarp brodd mot alkoholbruk og for totalfråhald. På den andre sida tok han til orde for bruk av tobakk, men var svært kritisk til jentene sin hang til luksusartiklar, særleg dei store hattane som var på moten då.

Anders var bladstyrar for dette mai-nummeret, men sidan skifta bladstyrarvervet mellom oppegående bygdeungdommar som Elisæus Vatnaland og Marta Haaland. Sidan kom Anders tilbake som skriftstyrar. Denne våren og sommaren kom *Lyngblomsten* regelmessig kvar fjortande dag. Tendensen var at det kristelege innhaldet laut vika for det meir verdsleg/filosofiske og også ein del stoff meir til moro. Ein slik interessant artikkel, var "*Fremad*" som oppmoda ungdommen til å våga å vera sjølvstendig og ikkje bare fylgja fleirtalet, det var innlegget "*Ver ljøs*" om å vera positiv og oppmuntrande mot dei som var kring ein. Elles var her også stoff teke frå andre som "*Den gamle mester*" av Jørgen Moe og artiklane "*Heimen*" og "*Du deilige vaar*" av ein viss Erling. Etter denne livlege perioden, takka *Lyngblomsten* for seg hausten 1913. Men ungdommane hadde framleis losjeblandet "*Ljosheim*".

Sjå neste side - red. ann.

Julevandring

Jan Magne Moi

Fuller av forventning kom 5-åringane til kyrkje. Det vart eit spanande møte med keisar Augustus (Leiv Våga). Han førte dei inn i manntal i sakristiet og førte flokken utom kyrkja og inn hovuddøra. Der møtte dei engelen Gabriel som fortalde at dei ikkje måtte vere redde. Nokre av 5-åringane fekk vere englar og øvde seg på å seie: «Ver ikkje redde» og «Ære vere Gud i det høgste». Dei skulle jo passe på at gjetarane ikkje blei redde.

Så vart nokre til Visemenn og nokre til gjetarar. Slik vart borna med i å levandegjere juleevangeliet. Alle fekk sjølv-sagt klede som skulle understreke den rolla dei fekk.

Det var kjekt å sjå korleis enkel tilrettelegging gav glans i augo og engasjement. Eit flott tiltak i regi av Kyrkjenær, som har mål av tiltak som er forskjellig for kvar aldersgruppe.

Øvst: Heile flokken samla framfor alteret i kyrkja.

Nedst: Tre flotte englar som syng Ære vere Gud i det høgste



Lagsavisa Ljosheim

Birger Lindanger

Dei to lærarane Trahaug og Smørdal pleidde lesa frå utvalde stykke på møta i Losjen og den 28. april 1907 starta Losjen lagsavisa *Ljosheim* med Ingebrigt Trosnevaag som den fyrste redaktøren. Sidan var høgtlesing frå avisa ein fast del av møta. Denne lagsavisa var meir livskraftig enn kollegaen *Lyngblomsten*.

**Av innhald dei fyrste åra, kan nemnast:
(Forfattarpsevdonym i parentes).**



Anders Kro gjekk hardt til felts i lagsavisene mot at boknajtene brukte for store hattar. Han var også negativ til alkoholbruk, men hevda at tobakk var bra for tannhelsa. Her nokre aktive lagsjenter i Alvestadkroken i 1918.

Dei er klar for bytur, og frå venstre ser me Inger Håland, Bertine Håland, Magda Økland, Magda Alvestad, Ingeborg Dagsland og Maria H. Are.

Artikkelen *"Kamp og Seier"*, (Rasmus) diktet *"Sommerkvelden"*, (Jentå i skogen), artikkelen *"Nutid og fremtid"* – ein dialog mellom gamle Noreg med rusdrykk og nye Noreg utan rusdrykk, (Boknatrodle), *"Ungdomsflokken"*, (Rosa), eit innlegg om at fråhaldsarbeidet helst hadde blitt med snakket, artiklar om koss det kunne vera råd å få etablert eit eige forsamlingshus, (Per), *"Nissen paa lur"*, *"Tobak!"* – eit åtak på tobakksbruken som ein meinte var helseskadeleg, *"Paa Heldingen"* om koss alkohol kunne føra folk på skråplan, og elles ei rad artiklar med skrekkdøme på kor galt det kunne gå med rusdrykk. (A. Steinhammer), *"Ein ret fedrelandsven"* – om koss alkohol var øydeleggjande for landet, (Maggi), *"Vort ansvar"* (Veslemøy), *"Tobaklaus"* (ungguten), *"Hansemands standpunkt"*, (Brita), *"En liden helt!"* (Vildanden), *"Ein maatehalsmann"* av (Per) men henta frå *"Magne"*, *"Korleis kan ein paa beste maate nytte ut ungdomstidi si?"* (Veslemøy), *"Vor sag"*, (Boknatrodlet), *"En drankers prediken"*, *"Just derpaa kommer det an"*, (H. Halgjem), *"Et Ædrueligt Noreg"* (Ola Hals), *"Luksus"* – mot tobakk, (Kari), *"Ein fisketur"*, (T.K.), *"Rusdrykkjen"*, (Ulrik), *"Daa eg samla avtiserementen"* – om dansen i Grutlå, folkelivsskildring frå Krogjen og handel på Austre Bokn – Anders Kro, (Pus),

Folkelivsskildring 12/1 1908, (Papegøyen), *"Gift med en draker"*, humoristiske innlegg (Skøieraanden i bordbenet), *"Smaastubber"*, *"Luksus"* – om bruk av luksusartiklar, *"Ein friartur"*, (Erik i Urskogsheimen), *"Uheldig gratulasjon"*, *"Tru og heil"*, Ein heil debatt i bladet om luksus og store hattar som helst gjekk mellom gutar og jenter. *"Ein Jagttur uppe paa heia"*, *"Luksus"*: Hattane for store, skona for små, ermane for vide og me sjølv for smale. (Signe), *"Et eventyr"*: humoristisk folkelivsskildring frå Bokn anno 1908, (Pus), *"Eksemplets magt"*, *"Luksus"* til Berggubben, (Kaia), Brattholmtrollet og *Frå det høie nord* (Frifant). Elles var det ein heil del kjønnsrol-

ledebatt der jentene verkeleg tok til motmæle mot ei noko nedlatande og konservativ haldning hjå gutane. Ein runde med slik debatt, starta med artikkelen *Kvindens feil og dyder* av Bratholmstrodlet. I neste nummer fekk han så hatten passa av fleire jenter, mellom anna i innlegget *Til Manfolki av Stine, Mennes nordre side* signert Alis og *En forstandig mands ideal* av Guri. Desse innlegga hadde ei humoristisk form, men med ein alvorleg undertone om kjønnsmessig likestilling.

Men talet på skribentar var avgrensa, og hausten 1908 stoppa drifta av bladet opp i to år fram til hausten 1910 då lærar Guttorm Trahaug tok over som redaktør. For å halda det gåande, klippa også redaktøren inn artiklar frå andre blad. Samstundes kom han med stadige oppfordringar til medlemmane i Losjen om å føra *Ljosheim* med stoff. Under artikkelen *"Gjilde Ljosheim"* i november 1911 skreiv redaktøren både om forholda til *Ljosheim* og til Losjen og let det heile munna ut i ein sterk oppfordring til losjemedlemmane om å vera flinkare til å skriva til bladet. I praksis fekk redaktøren mykje arbeid med sjølv å skriva i bladet.

Denne nye runden med *Ljosheim* starta med naturskildringa *Å, hvilken deilig morgenstund*, ei utsiktsskildring frå toppen av Boknafjellet av Truls og dei meir moraliserande artiklane *Og eg som trodde* av Tvedt og *Ideal og truskap* etter Bertel Ritland. I det heile var det frå 1910 ein større tendens til å henta inn stoff frå andre, meir kjende og profesjonelle forfattarar utanfor Bokn.

Det var elles ein aukande tendens til innlegg som fremja målsaka. I marsnummeret i 1910 kom såleis den meir omfattande artikkelen *Kvifor segjer mange at landsmaalet er stygt?* over seks sider og signert Tuftekallen.

Og dette var titlar bare det fyrste året bladet var i drift.

Diverre skreiv forfattarane mest under psevdonym, men målforma gjev stundom eit hint om kven som står bak. Ein tendens var også at stadig fleire av dei unge skribentane gjekk over til "landsmål", ganske visst under påverknad frå dei tri lærarane.

Til ære for jula tek me med denne gamle, boknske barneregla me fekk frå Helge Laupland:

*Bru bru breia
Brunå ligge bratt øve heia.
Me stolpar og naglar og adle goe greier.
Far i jønå, far i jønå frihet ska du nyda.
Den litle fugelen som hette kjell den ska
me kniba oppi ei kjiba.
Vi vi viba.*



Seniorråd/Råd for eldre og funksjonshemma

Kommunestyret vedtok i møte 1. desember 2015 følgjande medlemmer til Seniorråd/Råd for eldre og funksjonshemma for perioden 2015 – 2019:

Seniorråd/Råd for eldre og funksjonshemma

Medlem:	Kontaktinformasjon:
June Kro	june.kro@hotmail.com/
Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa/99513972
Susanna Ufnal	zuziaufnal@gmail.com/96848260
Christine Berge Christiansen	christine.bc@hotmail.com/
Olav Larsen	kachris@online.no/95114786

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Det er mest ufatteleg kva som finst om gamle ord og uttrykk i Bokn. Det er ein skatt som verkar mest utømeleg, og framleis er det folk som kan mest alle, både unge og eldre. Det går mot jul, og denne gongen har fleire av uttrykka med vinter og jul å gjera.

Også denne gongen har me Dagsentergjengen og Andor Borgenvik på topp – Dagsentergjengen eit hakk over. Men det viste seg at Andor visste kva ein irepådøl var, det greidde ikkje Dagsentergjengen.

Forklaringar:

- | | |
|---------------------------------|-----------------------------------------|
| 1. å hana seg | å vera bøyse, gjera seg til |
| 2. å bensla | å surra tråd kring noko for å festa deg |
| 3. ein jidl (ikkje steingardar) | enden på ei not |
| 4. å raksa | å driva kring utan mål og meining |
| 5. nibbeleg | noko som er enkelt, lettvent |
| 6. irepådøl | kråkebolle |
| 7. ein bendel | kornet ein bruka til å festa kornbandet |
| 8. smalamur | tøkje, sauagarde |
| 9. auren | nedst på garnet/nota |
| 10. flåen | øvst på garnet/nota |

Månadens utfordringar, kva betyr

1. skitnesøndag
2. ei hela
3. ei bromla
4. "Tollak og Lussi"
5. å dronsa
6. kallabiden
7. ei skromla
8. på lesta
9. å tena
10. eit ebne

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 11. januar.

Resultat:

Dagsentergjengen 9 poeng
Andor Borgenvik 7 poeng

Ein stor takk til Helge Laupland for alt han har fanga opp og formidla vidare til oss. Han ha vore med på å berga dei for ettertida! Dei fleste fortel han han hugsar etter mor og far sin. Elles lukke til vidare med utforskinga av boknamålet!

Førjulsskildring Bokn anno 1907

Då eg samla avertisementer

Utdrag frå lagsavisa Ljosheim 15. desember 1907

Birger Lindanger

Kalvadans i Grutlå?

Det var her um dagen. Eg hadde lite og inkje å gjera. Ute ringde det og var ufyse og inne var det og liden hygge. Som eg gjekk og funderte på, ka eg sko taka meg til, kom det so plent for meg at eg skulde skriva ein stubbe åt "Ljosheim". Men ka sku eg skriva um? Kalvadansen i Grutlå? Å ja. Eg tok pennen og skreiv med klare bogstavar: Kalvadansen i Grutlå.

Men der sa det stop. Ikkje eit ord meir fekk eg til endå eg både kleip meg i nasen og klødde meg bak øyra. Eg vart arg, men ingenting hjalp. Eg laut slutta.

Burte på benken låg "Vestlandet" med lange artiklar både om utstillingi Kong Oskar – Eva Nansen og mykje anna. På siste sida stod ei mengd med småstubbar. Eg las "Eit rolig værelse ønskes leiet af to studenter, som er rødmalte", "To piger kan få plass som spokersker ved Oftedals Uldvarefabrikker», osv.

- Der har du det, tenkte eg. Får du ikkje til noko um kalvadansen i Grutlå, so kan du då i minsta nokre avertisementer. Og som tenkt so gjort. Men hadde det falle tungt å skriva, fall det inkje lettare å samla kunngjeringar Eg for frå hus til hus og både trygla og bad, men kunngjeringar fekk eg ikkje.

Krambudi i Kroken

So var det ein dag eg var innom krambudi i Kroken. Der var mykje folk og trangt um plass. For ikkje å vera til hinder for mennarne, konorne, gutane og jentorne og ka det no var alt som skal framfyre disken, sette eg meg på ein kasse ved sida av den store sirupstunna og såg på handelen. Sume kjøpte grov stump – sume fin. Nokre som korkje ville vera grove eller fine bad om halvfine.

Rett som det var vart det ein usturteleg lått burt med disken. Sume helt seg yver magen, andre for hovudet eller slo seg på kneet, og alle lo så det song i huset. Eg reiste meg for å sjå kva som var tiss. På disken låg ein kakemand og ei kakekona tilkinte med raude strekar, både på kross og tvers. Mannen hadde ein ustrurteleg lang nase og ingen munn. Kona var bare munnen. Tversyver brøstet på baa to stod skrivne namne på velkjende folk.



Dans på vegen på Øvrebø ein søndags ettermiddag kring 1925. Musikkant var truleg Lars Martinsen (i uniform) og instrumentet er kam. Midt på biletet ser me Lars Øvrebø som dansar med Magda Våge, sidan Øvrebø. Frå venstre ser me elles Olga Bjørnsen Våge og Grete Øvrebø. Til høgre for Lars dansar Teoline Ognøy med ryggen til.

- Har de fleire av desse? spurde eg.
- Ja, forklara frøknå bak disken, sjå berre her!

Burte i ein krok av krambudi stod ein stor kasse med koner og mennar blanda om kvarandre.

- Veit folk at dei kan få seg kjøpt koner i Kroken, spurde eg. De bør avertera.

Så skreiv frøkna:

Herved bekjentgjøres, at en mengde mend og koner er til sals hos undertegnede.

Kirstine Clementsen

På Ø. Bokn

Ein annan dag var eg på Ø. Bokn. Kommen noko nord på øyi mødte eg ein høg og storvaksen kar. Han gjekk i sudvest, oljetrøye og sjøstøvlar.

- Gudag, sa eg.
- Gudag, gudag, svarta han. Er karen ute i stormen?
- Ja, eg er so, svarta eg og brette trøyekanten upp. Mannen i oljetrøya snudde ryggen mot veret og gav seg til å godprata, både det eine og hitt, og så hende det me kom til å nevna "Ljosheim".
- Ja du, segjer eg, det er for gale at dette gjilde bladet skal svelta reint i hel. Eg hev no i lang tid sete og streva med

ein stubb om denne dansen i Grutlå, men eg hev lote slutta, og no er tanken å samla avertisement.

- Har ikkje du tenkt å drive handel med luksusvarer, sa eg. Han drog på det. Eg gav han ein papirlapp og han skreiv:

Da det viser seg, at forbruget og luksusartikler tiltager sterkt, har eg bestemt mig for at starte en luksusforretning i Bokn laurdag den 14. desember f.k.

*I ærbødighed
Anders Kro*

Slik heldt forfatteren fram med å henga ut ulike medlemmar i Losjen. Dei gjev både ein gløtt inn i samtida og gjev ein smakebit om kva dei moroa seg med.

Dei to siste avertissemента denne gongen var fylgjande:

Da jeg som de fleste vel husker, låved at danse en glædes dans viss basarens Netoindegt overskred 300 kr., bekjentgjør jeg herved at den vil foregå på "brødrenes aften" den 15. desember kl.9. Entre: 10 øre.

K. SmørDAL

og


Da dansen i Grutlå får mindre og mindre tilslutning, blir den for fremtiden at indstille.

Flere

Lagavisa Lyngen s. 24 - red. anm.



Gåvebrev




Nå får du kjøpt årets julegåve i servicetorget på Boknatun.

Bygdeboka er ferdig, men får dessverre ikkje ligga under juletreet i år.

Men du kan gi boka (to band) som eit gåvebrev - verdi kr. 1.000,-.

Gåvebrevet kan løysast inn på Boknatun når kultursoga ligg føre på nyåret.

Brevet kan kjøpast i servicetorget kl. 08:30 - 15:00. Ikkje kontantbetaling, du vil få tilsendt faktura.



Bokn
Bygdablad
Ynskjer
Alle
Lesarane
Sine
Ei
Fredeleg
Jul
Og
Eit
Riktig
Godt
Nytt
Årl

GRATULERER!



Benjamin Øvrebø Ohnstad - 3 år, 3. desember.

Gratulerer så masse med 3 års dagen den 3. desember!

Vi er kjempeglad i deg, klemmer fra mamma, pappa og lillesøster Victoria.



Ingrid Jøsang - 60 år, 8. desember.

Vi vil gratulere vår spreke mamma/svigermor/farmor med 60 års dagen 8. desember. Håper du har en fin ferie:)

Hilsen Atle og Roger m/familier.



Alf Are - 89 år, 12. desember.

Vi vil gratulere morfar/oldefar med 89 årsdagen 12. desember.

Hilsen Atle m/familie og Roger m/familie.

Fyren bustadfelt på Bokn

Sjønære einebustadtomter for sal

Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no

KJEKT PÅ BOKN

Foto: Ida K. Vollum - vesfor.no

Det var ein spent barnehage-gjeng som skulle gå lanternetog 4. des. Me starta frå barnehagen og gjekk ned til sjukestova. Då me gjekk song me lanternesongen og "Et barn er født i Bethlehem" inne på sjukestova. Mørket hadde lagt seg i gangane, og det var stemningsfullt for dei eldre å sjå og høyra barna syngja.

Etterpå fortsatte turen ned til Servicetorget og inn igjennom dei kommunale kontora. To og to gjekk barna og song, med lanterner m/elektriske lys.

Silje Gismarvik



Lanternetoget 2015

Foto: Jardar Havikbotn



KROVÅGEN

**HESTE-
SENER**

ønsker alle

**en glad
julefeiring**

og

**et spennende
nytt år!**

Lagavisa Lyngen

Birger Lindanger

I mellomkrigstida baud losjen *Heimfred* bygda på kulturelle tilbodet med foredrag om ulike store forfattarar, om diktlesing, musikk og song. Når møta fall mest annan kvar veke, var det eit vesentleg kulturtilbod for boknarar flest.

Viktig var også drifta av lagavisa *Lyngen* som medlemmane bytast om å redigera. Lagavisa fylgde losjen så lenge han eksisterte. Det fyrste nummeret kom ut 17. mai 1925. Avisa blei for det meste skriven på dialekt og hadde dels alkoholpolitisk, dels moralsk, dels lokalt, dels historisk og dels reint underhaldande innhald.


Ein artikkel 24. april 1927 kunne t.d. heita *Kva velsigning fyl det med arbeidet?* skriven av Toralv Are. Det kom også ein artikkel om Ingeborg Steinsdotter som blei brend som heks og artikkelen "*Ein gasta boknar*", om ein boknar som hadde vend heim frå Amerika.

Dette var ei skildring av Bokn kring 1930 sett gjennom augo til ein heimvend boknar, ein omfattande serie i fem artiklar. Ein annan artikkel med historisk tilsnitt, var *Boknaungdommen fyrr og no!* og *Eit og anna frå Bygdi* frå september 1935.

Dessutan var arbeidet mot alkoholbruk sjølvstent sentralt og viktig. Kvart år tok dei opp nye medlemmar, oftast nykonfirmerte. Og frå tid til annan utviste dei folk som ikkje hadde stått ved fråhaldsløftet, men bruka alkohol.

Eldsjelene

Sentralt i *Heimfred* heilt frå fyrst i 1930-åra til ut i 1950-åra, var eldsjeler som Margit Dirdal, Målfrid Kro, Arthur Trosnavåg så lenge han levde, Halvard og Ole Laupland,



Kopi av innleiinga til artikkelen *Ein gasta Boknar*.

Jakob Larsen og borna til Guttorm Trahaug og Jens Vatnaland. Sist i 1940-åra var også lærar S. Barkved ein ivrig og motiverande bidragsytar til arbeidet i losjen. Medlemmane blei også aktiviserte ved at dei blei valde til ulike nemnder: Husnemnda, besøksnemnda, innviingsnemnda, sjuknemnda, programnemnda og finansnemnda.

Attåt alt dette, dreiv losjen studiesirkklar om alkohol - i det minste i perioden 1930 til 1942. Dei sentrale i sirkelane var Borghild Torland, Gunhild Trahaug, Olga Bjørnsen, Rolv Dybing, Øystein Trosnavåg, Guttorm Trahaug, Severin Lygre, Toralv Are og Ole Laupland. I samband med sirkelen, oppretta losjen eit alkoholpolitisk bibliotek med bøker til utlån til medlemmane.

Losjen heldt det gåande fram til i 1955 då sviktande oppslutning førde til at laget blei lagt ned.

HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30

Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70 (me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:

henriette.lindanger@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut



MÆLAND BYGG

NYBYGG & REHABILITERING



BOKN BYGG



VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.

Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.

Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.

Leverangdør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245

Tor Henning Mæland 95221191

Mail: jmm@maeland-bygg.no

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinnpølse	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaant.		500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sagkjedeloje osv.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær

begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med
oppslag på døra og på
Facebook-sida vår.**

Helsing

Elisabet & Annette

469 59 513 - 913 28 258



BOKN BYGDABLAD

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

Foto, omslag:

Jardar Havikbotn



Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-	1/8 side	kr. 250,-
Halvside	kr. 1.000,-	Privatann.	kr. 100,-
Kvartside	kr. 500,-	Nettannonse	kr. 100,-
		Fastannonse	etter avtale

Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

Arbeid med fleirbrukshallen 15. desember. Alt er i rute.



Foto: Jardar Havikbotn

Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

GOLDWELL

Vil ønske alle en riktig god jul
og et godt nytt år!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL

**BIBLIOTEKET
ER STENGT I TIDA
21.12.15 - 04.01.16
GOD JUL OG
GODT NYTT ÅR!**

BOKN LEGEKONTOR

Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08
– 15.

Telefontider 08-11 og 13-14.

Telefon 52 75 25 40.

Timebestilling også på nett / SMS – sjå
bokn.kommune.no for meir info.

**Ved livstruande tilstand, ring
113.**

Dersom du er utanfor kommunen, men
treng å komme i kontakt med Bokn
legevakt (f.eks som pårørande), ringer
du 52 74 85 22.

Jan Schille - lege



SVENNEBREV

Velkommen!

Det blir muligheter for å ta
nyttårsklipp/hårfiks i romjulen onsdag
30/12 for de som ønsker.

Vil takke alle dere gode Hårsmia-
kunder for samarbeidet i 2015.



Ønsker dere alle
en riktig god jul
og et godt nytt år
- velkommen igjen
på nyåret.

Mvh. Mona

